

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40, K3-&13	24/692

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.10.2024

Uttale til revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa i Ullensvang og Suldal kommunar, og søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga. Villrein.

Forslag til vedtak

Villreinnemnda for Setesdalsområdet uttaler seg i lys av villrein og villreininteresser.

O/U- prosjektet:

Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er dårlig. Den samla belastninga er for stor. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein.

Villreinnemnda vil rá i frå å gi løyve etter konsesjonssøknad. Slik planane er lagt fram er dei ikkje foreinleg med ei villreinforvaltning som har som mål om å betre tilstanden for villreinen. Nemnda legg vekt på følgjande:

- Vestre vassdrag**
Å betre villreinen sine trekkmoglegheiter og utveksling mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda er eit viktig forvaltningsmål. Gjennom reguleringsplan for ny E134 med tunelløysing på vestsida av Haukelifjell er det "lys i tunnelen" for nettopp dette. Utbygging av vestre vassdrag vil vanskeleggje målet. Det er her først og fremst reduksjon i villreinens moglegheit for å trekke over isen på Votna som her er vesentleg.
Nemnda vil bemerke at det ikkje er foreslått noko form for avbøtande tiltak for villrein. Det kunne til dømes tenkast at tersklar over magasinet kunne gjøre det mogleg for villreinen å krysse sjølv med dårlig is. Dette må i tilfelle vurderast etter ei nærmare utgreiing.
- Austre vassdrag:**
Villreinnemnda er særleg bekymra for villreinen sin bruk og trekk over Holmavatnet, samt influansområde. Pumpekraftverk «*vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å*

redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid» (KU).

Usikker is vil kunne medføre at ein får eit nytt vandringshinder for villrein. Det vil og hindre villrein i å nå beiteområda på holmane i Holmavatn. Dei kvista skiløypene over vatnet må og truleg leggast på land. Konsekvensen kan bli at villrein og skiløparar må dele dei same ferdsselskorridorene noko som vil forsterke dei negative sidene for villreinen.

Dei fysiske inngrepa i Tverrdalen/Havrevatnet vil vere del av ei bit for bit utbygging i villreinens randområde.

Dersom ein sluttar med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Det er bra. Dette er eit av krava som er spelt inn til vilkårsrevisjon og som dels kan løysast uavhengig av ei opprusting/utviding av kraftanlegga.

- Føremålet med dei verna områda er mellom anna å sikre leveområdet til villreinen. Det følgjar av verneforskrifta at oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, vassstandsreguleringar med meir ikkje er tillat. Det er derfor openbart at ei vidare vassdragsregulering strir med verneformålet.
- Ein konsesjon etter søknad er ikkje i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen ettersom planen har vesentleg negativ betydning for villreinen.
- Energimarknaden er i endring. Røldal-Suldal er først ute med store planar om pumpekraftverk der målet er auka effekt. Det er det siste året blitt kjend at fleire av kraftselskapa med tilknyting til villreinområde ser på moglegitetene for det same. Det er avgjerande for villreinen at dei O/U-prosjekta som får konsesjon ikkje nødvendigvis er den søknaden som er først ute, men dei prosjekta som er tilpassa forvaltningsmåla for villreinbestanden.

Vilkårsrevisjon:

- Det må påleggast konsesjonær innbetaling til eit villreinfond etter etablert praksis. Etablering av fondet må ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der enn sjølv er ein klar problemeigar.
- Forutsett at det ikkje blir gitt konsesjon for O/U-prosjektet for austre vassdrag må det påleggast at det blir etablert ein eller fleire villreintersklar over Holmavassåna. Dette vil gjere det enklare for villrein å krysse den vinteropne elva.
- Det må påleggast konsesjonær og tilbakeføre anleggsvegen til Holmavatnet. Eit av dei sentrale måla i FNs naturavtale er å restaurere minst 30 prosent av øydelagde og skadde naturområde innan 2030. Dette inneber å forbetre tilstanden til naturen og sikre at økosistema kan fungere optimalt. Ei tilbakeføring av anleggsvegen til Holmavatnet vil vere eit positivt tiltak for villreinen.
- I samband med revisjon/konsesjon legg villreinnemnda til grunn at standardvilkår for naturforvaltning innførast for RSK-anlegga. Desse vilkåra er viktige for å bidra til å

minimera negative konsekvensar gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar og biotoptiltak.

Sand, 30.10.2024

Vedlegg:

Høyring av revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa i Ullensvang og Suldal kommunar, og søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga

Lyse Kraft Revisjonsdokument for Røldal Suldal kraftverk

Lyse kraft - Konsesjonssøknad for opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverk

RSK Opprusting og utvidelse Konsekvensutredning. Fagrapport villrein - 2024

RSK Revisjon og OU Tilleggsdokumentasjon m vedlegg (1)

RSK Kartlegging miljø- og brukerinteresser. Fagtema villrein - 2019

Samandrag

NVE vedtok den 17.03.2022 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget skal reviderast. På bakgrunn av krav frå vertskommunane har Røldal Suldal kraft (RSK) utarbeidd eit revisjonsdokument. I tillegg har RSK sendt inn ein søknad om konsesjon til å bygge og drive fem nye kraftverk, der tre er pumpekraftverk. Kraftverka vil nytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje ein langt meir fleksibel produksjon av kraft.


Revisjonsdokument og søknad er no sendt ut på offentleg høyring. Villreinnemnda for Setesdalsområdet skal ikkje gi uttale til prosjektet totalt sett, men i lys av villrein og villreininteressene. Sekretariatet peikar på fleire tiltak som vil kunne vere positive for villreinen og som bør gjennomførast i ein vilkårsrevisjon. I tillegg blir fleire problematiske forhold i O/U-prosjektet belyst. Det blir gitt råd om at prosjektet ikkje bør få konsesjon etter søknad.

Saksopplysningar

Bakgrunn

NVE vedtok i 2022 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Røldal-Suldalsvassdraget skal reviderast. På bakgrunn av kravet om vilkårsrevisjon frå Ullensvang og Suldal kommunar og føringar frå NVE har Lyse kraft, på vegne av RSK DA, utarbeidd eit revisjonsdokument som omtalar reguleringane, og vurderer dei ulempene ein er kjend med.

I tillegg har selskapet sendt inn ein søknad om konsesjon til å bygge og drive 5 nye kraftverk. I vestre vassdrag i Ullensvang kommune er dette Røldal 2 pumpekraftverk og Novle 2 pumpekraftverk. I austre vassdrag i Suldal kommune er det Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2B kraftverk og Nordmork kraftverk. Kraftverka vil nytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje ein langt meir fleksibel produksjon av kraft.



Oversikt over eksisterande og nye kraftverk, vassveger og reguleringsmagasin. Kjelde: Norconsult Konsekvensutredning R04

Totalt vil den omsøkte utbygginga gi ei auke av effekt på 665 MW, som er meir enn ei fordobling av noverande kapasitet, der 500 MW er pumpekapasitet. Samla sett vil den omsøkte løysinga i tillegg gi brutto ca. 800 GWh auka årleg kraftproduksjon. Nettoproduksjon vil gå ned med 119 GWh.

Når det gjeld detaljar omkring plan, inkludert kart og grunngjeving for tiltaket, blir det vist til søknad.

Saka frå NVE er altså todelt

- Vilkårsrevisjon, høring av revisjonsdokumentet
- Opprusting og utviding (O/U) av RSK-anlegga, høring av konsesjonssøknad

NVE har lagt opp til ei samordna behandling av revisjonsdokument og konsesjonssøknad, inkludert samordna høyring og synfaring. Det er likevel to separate saker.

Det er i tillegg to andre saker som er knytt til Lyse kraft sin søknad om konsesjon.

- Det er naudsynt med dispensasjon fra 3 ulike verneforskrifter for delar av O/U-prosjektet. Lyse kraft har søkt verneområdestyre for SVR om dette. Saka er pr dags dato ikkje behandla. Arbeidsutvalet i villreinnemnda har gitt uttale til SVR om saka der ein rådde i frå å gi dispensasjon (sak 030/24).
- Det er naudsynt med oppgraderingar av kraftnettet i området i samband med dei omsøkte kraftverka. Ifølgje NVE jobbar Statnett med ein søknad om dette. Dette vil då bli ei sak for villreinnemnda seinare.

Forholdet til Heiplanen

O/U-prosjektet er innanfor Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) sitt område. Heiplanen gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av planområdet. Sentrale delar av tiltaka ligg innanfor omsynssona nasjonalt villreinområde og i omsynsone villrein.

Følgjande tiltak/endring i vestre vassdrag ligg i omsynsone nasjonalt villreinområde og influensområde for trekkområde:

- Dagens magasin Votna kan få hyppigare variasjonar i magasinfyllingsgrad, opptil 4 meter i døgnet. Det er forventa at isforholda på magasinet blir meir uforutsigbare.
- Tverrslag, massedeponi og lukehus sørvest for Votna

Følgjande tiltak/endring i austre vassdrag ligg i omsynsone nasjonalt villreinområde og omsynsone villrein

- Dagens magasin Holmavatnet vil få endra regulering frå 10 til 15 meter ved at ein senker lågaste regulerte vasstand. Dei nye kraftverka vil medføre at endringane i magasinvasstand kan skje raskare. Det blir meir usikker is. Nytt lukehus i vest.
- Det vil ikkje tappast vatn i Holmavassåna og vintervassføring vil opphøye.
- Isvatn vil ikkje lenger tappast ned om vinteren, og vatnet vil få ein sjølvregulering som gjer at vasstanden vil ligge stabilt heile året.
- Ved Tverrdalen-Havrevatnet- Øykhelleren blir det 5 massedeponi (4 nye), opprusting av eksistrande anleggsveg, ny portal for kraftstasjon og ny veg på 400 meter til nytt tverrslag.

Heiplanen med dei tilhøyrande retningslinjene skal vere grunnlag for kommune, fylka og staten si behandling av plan- og byggjesaker, samt andre saker innan areal- og ressursforvaltning. Dei generelle retningslinjene for nasjonalt villreinområde heiter det blant anna at villreinens interesser skal prioriterast i all arealforvaltning og saksbehandling. Det heitar vidare mellom anna:

- *I alle saker skal villreinens interesser vurderes opp mot planen/søknaden/tiltaket, og konsekvensutredning skal gjennomføres på relevant plannivå. Oppdatert villreinkunnskap skal ligge til grunn for vurderingene.*


- Det skal legges spesiell vekt på å unngå virksomhet, aktivitet og forstyrrelse i vinterbeiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder samt fokusområdene i de aktuelle årstider/perioder. Det skal heller ikke tillates byggevirksomhet som forringes villreinens bruksmuligheter av disse områdene.

I Heiplanen er det oppført fleire spesielle retningslinjer for nasjonalt villreinområde. For «Kraft» heiter det:

- Nye eller utvidelse av eksisterende kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngås.
- Unntak kan gjøres for tiltak som ikke innebærer vesentlig negativ betydning for villreinen. Disse vurderingene forutsettes avklart gjennom konsekvensutredninger etter relevant lovverk

I omsynssone villrein gjeld stort sett dei same retningslinjene som i nasjonalt villreinområde (NVO), men det kan likevel tillatast noko meir aktivitet. I omsynsone trekkområde heiter det blant anna at

- «Det skal ikke godkjennes byggetiltak som kan stenge av eller forverre dagens situasjon i disse trekkområdene»



Kart viser omsynssonene fra Heiplanen, avgrensning for verneområda (horisontale linjer), og lokalisering av dei 5 omsøkte kraftverka (innringa i raudt). Kjelde: Agder fylkeskommune.

Forholdet til verneområda

Føremålet med Kvanndalen landskapsvernombordet, samt Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, er mellom anna å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa. Føremålet med Holmavassåna biotopvernombordet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen.

Tiltaka slik dei er skissert i konsesjonssøknad vil medføre påverknad i verneområda. Lyse Kraft har derfor søkt Verneområdestyre for SVR om naudsynte dispensasjonar frå verneforskriftene. I ein høyringsuttale til verneområdestyre har arbeidsutvalet i villreinnemnda rådd i frå å gi dispensasjon (24.09.2024, sak 030/24). Verneområdestyret har pr dags dato ikkje behandla saka.

Konsekvensutgreiing (KU)

Det er gjennomført konsekvensutredning av tema landskap, naturmiljø, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, fisk og ferskvasssøkologi, vassmiljø, naturressursar og villrein. Disse viser at dei omsøkte prosjekta samla har frå positiv til middels negativ konsekvens for disse tema.

Konsesjonssøknad er samordna med pågående revisjon av konsesjonsvilkår i eksisterande konsesjonar, slik at det er søkt å løyse erfarte miljøulemper.

	Vestre vassdrag		Østre vassdrag	
	Kraftverk	Netttilknytning	Kraftverk	Netttilknytning
Fisk og ferskvannsøkologi	Noe negativ konsekvens	Ingen konsekvens	Positiv konsekvens	Ingen konsekvens
Vannmiljø	Noe negativ konsekvens	Ingen konsekvens	Middels negativ konsekvens	Ingen konsekvens
Naturmangfold	Noe negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens	Middels negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
Villrein	Noe negativ konsekvens	Ingen konsekvens	Noe negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Landskap	Middels negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens	Noe negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
Kulturminner	Noe negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens	Noe negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Friluftsliv	Middels negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens	Middels negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Naturressurser	Middels negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens	Ubetydelig konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Klimagassutslipp	Noe negativ konsekvens		Middels negativ konsekvens	

Konsekvensvurdering for alle fagtema samla. Villrein blir vidare tema i uttalen.

Ei skjematiske og samla konsekvensvurdering for alle fagtema er gitt i figuren ovanfor.

Det er utarbeid ein eigen konsekvensutgreiing for villrein. Samla konsekvens for heile prosjektet er for villrein sett til «noe negativ konsekvens». For vestre vassdrag heiter det følgjande i samandraget:

Selv om arealene innenfor leveområdet som berøres av tiltakene sannsynligvis ikke er mye i bruk av villreinen i dag, vil tiltaket like fullt bidra til en økt samlet belastning på denne delen av leveområdet, og dermed bidra til å redusere sannsynligheten for at villreinen vil gjenoppta eller øke bruken av denne delen av leveområdet i framtida. Samtidig vil pumpekraftverk innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Votna sett i forhold til dagens situasjon, og

det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Votna vinterstid.

For austre vassdrag er konsekvensar omtalt slik i samandraget:

Fjerning av dagens vintertapping av vann i Holmavassåno vurderes å bidra til en forbedret økologisk funksjon av trekkorridoren gjennom Holmavassåno biotopvernområde, og dette i seg selv vil innvirke positivt med hensyn på å oppnå bedre tilstand i leveområdet som helhet. Det understrekkes imidlertid at fjernet vintervannføring i seg selv sannsynligvis ikke vil gjenopprette naturlig funksjon i trekkorridoren gjennom Holmavassåno biotopvernområde fullt ut, men at dette vil kreve en kombinasjon av tiltak. Tiltakene i østre vassdrag innebærer etablering av omfattende deponiområder i randsonen av leveområdet, og vi gi mer variable isforhold på Holmavatnet som kan redusere vannets funksjon for eventuelle trekk. Selv om områdene som berøres av de nye massedeponiene er vurdert å være lite funksjonelle for villrein i dagens situasjon, er det dokumentert at bestanden i SRV er avhengig av tilgang på vinterbeiteressurser i lavereliggende deler av randsonen av leveområdet, ettersom vinterbeiteressursene i de sentrale delene av leveområdet er spredte og av forholdsvis dårlig kvalitet. Massedeponier i randsonen av leveområdet vurderes å innvirke negativt på muligheten

for å oppnå forvaltningsmålene om å utvide det funksjonelle leveområdet for villreinen i SRV.

Fleire instansar har ovanfor Lyse peika på det ein meiner er manglar i kunnskapsgrunnlaget i fagrapporten for villrein og bedt om ekstra utgreiingar. Det er mellom anna peika på:

- Korleis villreinens faktiske og noverande bruk av isen på Holmavatnet er, og i kva grad Holmavassåna og Tverrå er reelle vandringshinder.
- Korleis trekkaktiviteten mellom villreinen på Hardangervidda og villreinen i Setesdal Ryfylke blir påverka av ny regulering i Votna, ikkje minst sett i lys av at godkjend reguleringsplan for ny E134 tilseier at vegen i dette området skal ligge i tunell i framtida.

Lyse kraft har etter innspela fått utarbeida tilleggsdokumentasjon som blant anna omhandlar første punkt. Når det gjeld kulepunkt to viser Lyse Kraft til at metodikken for konsekvensutgreiingar tilseier at planer ikkje skal vere del av «nullalternativet» så lenge det ikkje er på plass nasjonal finansiering.

Særskild om vilkårsrevisjonen

Hovudmålet med ein revisjon av konsesjonsvilkår er å betre miljøtilhøva i regulerte vassdrag, samtidig som ein vurderer endringar opp mot kraftproduksjon. Ein slik revisjon kan også oppheve vilkår som er urimelege, unødvendige eller lite tenlege. Innanfor visse rammer kan ein revisjon setje nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som følge av reguleringane.

Suldal og Odda kommunar (no Ullensvang) kravde ein vilkårsrevisjon av RSK-anlegga i eit brev datert 18.10.2019. I prosessen med utarbeidinga av kravet, sende Suldal kommune ut skriv til aktuelle myndigheter, grunneigarar, organisasjonar og lag, med invitasjon til å kome med innspel. Villreinnemnda gav ei uttale datert 26.09.2017.

Kommunane gjorde også ein avtale med konsesjonær om oppstart av kartlegging av miljø- og brukarinteresser. Dette arbeidet vurderte dagens situasjon og avbøtande tiltak, blant anna med ein eigen fagrapport om villrein (2019).

Lyse sitt revisjonsdokument er eit tilsvare på kommunenes krav. Her er forslag til løysingar som innfrir krav, mens andre krav blir foreslått å ikkje bli innfridd. Fleire av dei foreslalte avbøtande tiltaka er kopla til gjennomføringa av det konsesjonssøkte O/U-prosjektet. For villrein handlar dette om:

- Kvanndal 2 pumpekraftverk fører til at det ikkje vert vintertapping i Holmavassåna. Dette er eit område som i kommunen sitt krav er trekt fram som eit særleg viktig område for villreintrekk.
- På same måte vil fjerning av vintertapping i Tverråna betre forholda for villreintrekk mellom Djupetjørnane og Sandvatnet

Vurdering

Uttalen legg ikkje opp til ei heilsakleg vurdering av vilkårsrevisjon og søknad, men gjer ei vurdering i sett i lys av villrein og villreinforvaltning.

Status for villrein, kvalitetsnorm og tiltaksplan

Villrein er ein nasjonal ansvarsart. Til tross for verna område og regional plan for villreinfjellet (Heiplanen) har utviklinga for arten vore negativ over lang tid.

Setesdal Ryfylke er vårt nest største villreinområde. Området har rike sommarbeite, men marginale vinterbeite, ofte prega av store snøfall og hyppig nedising av beita. Tidlegare hadde Setesdal Ryfylke naturleg kontakt med Hardangervidda og Setesdal Austhei. No er vandringsmoglegheitene sterkt redusert grunna E134 over Haukelifjell og rv9 gjennom Setesdalen, og aktivitet langs desse.

Det er få, om nokon, andre villreinområde som har vore så påverka av omfattande naturinngrep og vasskraftutbygging som Setesdal Ryfylke.

Kvalitetsnorm for villrein blei vedteke sommaren 2020. Målet med norma er å beskrive tilstanden til villreinen, mellom anna gjennom eit trafikklys-system som seie oss om eit villreinområde har god (grøn), middels (gul) eller dårlig (raud) kvalitet. Resultata for dei nasjonale villreinområda blei framlagt i april 2022. Etter ei heilsakleg vurdering blei Setesdal Ryfylke klassifisert til dårlig kvalitet og ikkje godkjend. Årsaka til at villreinområde ikkje tilfredsstiller måla er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter.

På bakgrunn av resultata etter kvalitetsnorma har regjeringa satt i gang arbeidet med tiltaksplanar for dei aktuelle nasjonale villreinområda. Utkast til tiltaksplan blei levert departementet i desember 2023 og skal etter planen på høyring haust/vinter 2024/25. I Stortingsmelding 18 (2023–2024) presenterast politikk for å forbetra villreinens tilstand i Norge. Målet er å snu den negative utviklinga innan 2030 og sikre bestanden innan 2100.


Austre vassdrag – villreinens bruk og konsekvensar

Områda ved Holmavatnet er ein del av det sentrale vinterbeiteområdet for villreinstamma i den nordre halvdelen av Setesdal Ryfylke villreinområde. Både simler og bukkar trekker inn i området frå sør og aust frå slutten av oktober og fram mot jul. Dyra held seg i dei nordlege områda gjennom vinteren før simlene startar trekket mot kalvingsområda i mars/april. Bukkane blir gjerne gåande att til dei igjen søker mot simlene når brunsttida nærmar seg.


Data frå merka villrein i området fortel noko om bruken. Ein må her hugse at det berre er eit fåtal dyr som er merka og at desse ofte er ein del av større flokkar, samt at villreinen sin arealbruk er syklistisk og at områdebruk dermed kan endre seg over tid.

Om ein ser på Dyreplosisjonar.no (2006-2024) så er det slåande kor mange villrein som nyttar Holmavatnet til lange kryssingar, samt turar til holmar for å beite. Det er langt fleire som kryssar her enn det er merka villrein som kryssar eller prøver å krysse Holmevassåno. Få merka dyr ser ut til å vere påverka av Tverråna.

Norconsult stadfester i sin tilleggsdokumentasjon at det er registrert mange dyr på isen, men at magasinbruken av både bukk og simle er avgrensa i forhold til nærliggande landareal. Dette er naturleg.



Gps-spor frå merka villrein om vinteren (1.des.-31.mai) i perioden 2006-2024.



Alle registrerte bevegelser på, - og ved Holmavatnet i vintermånedene i perioden 2007 - 2024. Figuren viser betydelig høyere tetthet av bevegelser rundt Holmavatnet enn på Holmavatnet. Kjelde Norconsult RSK Revisjon og OU – Tilleggsdokumentasjon.

Konsekvensutgreiinga for villrein peikar på at det er negative, men også positive konsekvensar for villreinen ved tiltak som søkt. Ved å sluttet med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Fagrapporet skriv at opphøyr av vintertapping i vassdraget vil kunne styrke området sin funksjon som funksjonell trekk-korridor.

Å gjøre tiltak for å avbøte dette vandringshinderet er eit av krava som spelt inn til vilkårsrevisjonen og som kan løysast uavhengig av ei opprusting/utviding av kraftanlegga.

Sekretariatet er særleg bekymra for villreinens bruk og trekk over Holmavatnet, samt influensområde, dersom det skulle bli ei utbygging etter søknad. Pumpekraftverk «*vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid (KU).*

Usikker is vil kunne medføre at ein får eit nytt vandringshinder for villrein. Det vil også hindre villrein i å nå beiteområda på holmane i Holmavatn. Dei kvista skiløypene over vatnet må også truleg leggast på land. Konsekvensen kan bli at villrein og skiløparar må dele dei same ferdelskorridorane noko som vil forsterke dei negative sidene for villreinen.

Tiltaka i austre vassdrag inneberer ein del tekniske inngrep og deponiområde i randsona til villreinområde. Det går ikkje fram av søknaden i kva grad det er naudsynt å ruste opp anleggsvegen som går her og om det er tenkt at vegen skal vinterbrøytast fram til

kraftstasjonsportalen. Uansett, konsekvensutgreiinga vurdere tiltaka å «innvirke negativt på muligheten for å oppnå forvaltningsmålene om å utvide det funksjonelle leveområdet for villreinen». Sekretariatet er samd i dette. Dei fysiske inngrepa i Tverrdalen/Havrevatnet vil vere del av ei bit for bit utbygging i villreinens randområde.

Vestre vassdrag (Votna) – villreins bruk og konsekvensar

Vinterstid trekk dyra inn i området frå søraust. Området nyttast mest av bukk, men også av fostringsflokkar. Sistnemnde trekk ut av området når tida nærmar seg kalving. Bukk kan bli stående i området fram mot brunstperioden.

Dyra i Setesdal Ryfylke nyttar også områda nord for E134 i noko grad. Trekket nordover kan vare heile vinteren. Variasjonen mellom år er stor og avheng mykje av isingsforholda, der därlege beiteforhold om vinteren tvingar dyra til betre område. På Hardangervidda er det oftast mindre nedising enn i Setesdal Ryfylke.

Det som i dag er Votnamagasinet var før utbygginga på 60-talet totalt 8 vatn. Her var mellom anna Reinskvelven, Reinsvatn og Reinshølen. Terrenget låg til rette for villrein og villreintrekk. GPS-data viser at villrein i dag nyttar område sør og aust for Votna. Eit merka dyr har vore på isen. Dei få gps-merka dyra som har kryssa E-134 til Hardangervidda har alltid gjort dette på taket av Haukelitunnelen.

I samband med reguleringsplan for ny E134 er det utarbeida ein fagrapport på villrein. I dette arbeidet er det henta inn erfaringar frå lokalkjende med fokus på kryssingar av E134. Her går det fram at fleire observasjonar er nord for Votna. Dette viser at områda i vest/nordvest for Votna framleis inngår i vinterbeiteområde. Dette i motsetnad kva som blir oppgitt i fagrapporten frå Norconsult (figur 5.5.) og faggrunnlaget i kvalitetsnorma. Villrein i dette området har nemndsmedlemmer frå vest sjølv observert frå E134 på veg til nemndsmøte i Setesdal.

Generelt er område kring Votna i dag eit vanskeleg trekkområde for villrein. E134 er nok den viktigaste årsaka, men Votnamagasinet med 45 meter regulering bidreg til denne barrieren. Som kjend skal Statens vegvesen bygge ny vegtrasé for E134 mellom Vågslid i Vinje kommune og Seljestad i Ullensvang kommune. Delstrekning frå Røldal til Seljestad er finansiert og klar til oppstart. Neste utbyggingstrinn er over Haukelifjell der reguleringsplan er vedtatt. Delstrekning av dette er Dyrskartunellen frå Liamyrane til Ulevåvatnet. Denne tunnelen vil vinterstid gi større moglegheit for villreinen å beite i det vestlege område, samt å vandre mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda. Dette er i aller høgaste grad relevant i forhold til O/U-prosjektet i Votna.


Fagrapport villrein vurderer ikkje framtidig regulering av Votna i dette perspektivet. Dette er etter sekretariatet ein stor mangel. Når dagens E134 forsvinn er det vinterstid vesentleg potensiale for auka villreintrekk over Votna til Tarjebudalen og Holebudalen. Her er det minst motstand i landskapet.

Fagrapport villrein (KU) seiar at «*Pumpekraftverk vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Votna sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Votna vinterstid.*»

Å betre trekkmoglegheitene og utveksling mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda over E134 er eit viktig forvaltningsmål. Utbygging etter søknad vil vanskeleggjer dette. Det er heller ikkje foreslått noko form for avbøtande tiltak. Det kunne til dømes tenkast at villreintersklar over magasinet kunne gjere det mogleg for villreinen å krysse magasinet sjølv med därleg is. Dette må i tilfelle utgreiast nærare. Slik planane er no er det ikkje foreinleg med ei villreinforvaltning som har som mål om å betre tilstanden for villreinen.



To kartutsnitt henta frå «Villreinutredning til reguleringsplanforslag for E134 mellom Vågsli og Seljestad» (Naturrestaureringsrapport nr: 2019-01-01). Til venstre viser kartet feltobservasjonar av rein som er gjort av lokalkjente dei siste åra (fram mot 2019). «Erfaringer fra brøytemannskapet på E134 er at det har skjedd jevnlig trekk over veien i alle år». Kartet til høgre viser eit skjønnsmessig skissert trekkmønster for villrein vinterstid delvis basert på opplysninger gitt i møte med lokalkjente.



Kartet viser planlagt tunell (rød), gps-punkt frå merka villrein vinteren 2024 og potensielle framtidige trekkuter for villrein (pil).

Vurdering i forhold til Heiplanen, kvalitetsnorm og presedens

Heiplanen legg generelt sett opp til at det ikkje skal godkjennast verksemd, aktivitet og forstyrring i mellom anna vinterbeiteområde og viktige trekkområde. Det skal heller ikkje tillatast byggeverksemd som forringar villreinens bruksmogleheter av desse områda. Samstundes seier dei spesielle retningslinjene knytt til kraft at nye og utvidingar av eksisterande kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngåast, men at det kan gjerast unntak for tiltak som ikkje inneber vesentleg negativ betydning for villreinen.

Vurderingane som er gjort peikar særleg på forringa bruksmogleheter av vinterbeiteområde og viktige trekkområde. Dette gjeld særleg for Votna og Holmavatnet med infuensområde.

Slik sekretariatet vurderer det er O/U-prosjektet ikkje i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen ettersom planen har vesentleg negativ betydning for villreinen.

Setesdal Ryfylke er eit av dei villreinområda som har vore mest påverka av omfattande naturinngrep og vasskraftutbygging. Få, om nokon, andre område har opplevd tilsvarende grad av inngrep. Dette frå store utbyggingar som Røldal-Suldal, Ulla-Førre, Øvre Otra, Sira-Kvina og Lyse.

Energimarknaden har no endra seg. Røldal-Suldal er først ute med store planar om pumpekraftverk der målet er auka effekt. Det er det siste året blitt kjend at fleire av kraftselskapa med tilknyting til villreinområde ser på moglegheitene for det same. Det er avgjerande for villreinen at dei O/U-prosjekta som får konsesjon ikkje nødvendigvis er den søknaden som er først ute, men dei prosjekta som er tilpassa forvaltningsmåla for villreinbestanden.

Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er dårlig. Den samla belastninga er for stor. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen.

Konklusjon O/U

Villreinnemnda skal arbeide for en langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen sine leveområde. I tråd med dette meiner sekretariatet at villreinnemnda med bakgrunn i dagens kunnskapsgrunnlag, bør rå NVE frå å gi ei innstilling om løyve etter søknad.

Vilkårsrevisjon

Hovudføremålet med vilkårsrevisjonane er å betre miljøtilstanden knytt til reguleringa.

Villreinfond

Det er no vanleg at det blir oppretta villreinfond ved revisjon av konsesjonar der reguleringsanlegga ligg innafor villreinområde. Lyse Kraft stiller seg bak ei slik løysing. Det er bra. Eit slikt fond kan til dømes nyttast til kunnskapsinhenting og flytting av ferdsel/hytter. Innbetaling til eit fond må ikkje bli eit argument for å ikkje påleggje konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der enn sjølv er ein klar problemeigar.

Holmevassåna

Ei ulempe for villrein knytt til RSK anlegga er tappinga av vatn frå Holmavatnet til Sandvatnet om vinteren. Denne vintertappinga fungerer i periodar som barriere for villreinen. Ved å etablere ein eller fleire tersklar over Holmevassåna vil det bli enklare for villrein å krysse den vinteropne elva. Forutsett at det ikkje blir gitt konsesjon for O/U-prosjektet for austre vassdrag må dette påleggast gjennomført. Utforming og plassering må utgriast nærmare.

Anleggsvegen til Holmevatn

Som ei følge av kraftutbygging er det etablert vegar til anlegga, som fører med seg ferdsel og menneskeleg aktivitet. I RSK sitt reguleringsområde gjeld dette i størst grad vegen til Holmavatnet som også går i verna område. I kravet frå kommunane ber ein om at ferdselet på vegen til Holmavatnet blir nøyne vurdert.

Som omtalt tidlegare har Lyse Kraft søkt Verneområdestyre for SVR om naudsynte dispensasjonar frå verneforskriftene. I denne søknaden omtaler Lyse at det kan bli aktuelt å

tilbakeføre anleggsvegen til Holmavatn som eit naturrestaureringstiltak. I dette ligg det at vegeigar ikkje lenger ser det store behovet for vegen.

Eit av dei sentrale måla i FNs naturavtale er å restaurere minst 30 prosent av øydelagde og skadde naturområde innan 2030. Dette inneber å forbetre tilstanden til naturen og sikre at økosistema kan fungere optimalt. Ei tilbakeføring av anleggsvegen vil ta bort forstyrring av villreinen og vil vere eit klart positivt tiltak for villreinen.

Etter sekretariatet si meining hører dette tiltaket heime i vilkårsrevisjonen og bør påleggast gjennomført av NVE.

Naturforvaltningsvilkår

I samband med revisjon/konsesjon legg sekretariatet til grunn at standardvilkår for naturforvaltning innførast for RSK-anlegga. Desse vilkåra er viktige for å bidra til å minimera negative konsekvensar gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar og habitattiltak.

24.10.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Jarle Lunde orienterte om saka.

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN - 022/24 Vedtak:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet uttaler seg i lys av villrein og villreininteresser.

O/U-prosjektet:

Kvalitetsnorm for villrein fortel at tilstanden for villreinen i Setesdal Ryfylke er dårlig. Den samla belastninga er for stor. Det er derfor sentralt at ein her ikkje gjer nye inngrep som vil redusere kvaliteten ytterlegare. Tvert imot er det naudsynt med tiltak for å betre situasjonen noko det blir arbeida med gjennom tiltaksplan for villrein.

Villreinnemnda vil rá i frå å gi løyve etter konsesjonssøknad. Slik planane er lagt fram er dei ikkje foreinleg med ei villreinforvaltning som har som mål om å betre tilstanden for villreinen. Nemnda legg vekt på følgjande:

- Vestre vassdrag

Å betre villreinen sine trekkmoglegheiter og utveksling mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda er eit viktig forvaltningsmål. Gjennom reguleringsplan for ny E134 med tunelløysing på vestsida av Haukelifjell er det "lys i tunnelen" for nettopp dette. Utbygging av vestre vassdrag vil vanskeleggje målet. Det er her først og fremst reduksjon i villreinens moglegheit for å trekke over isen på Votna som her er vesentleg.

Nemnda vil bemerke at det ikkje er foreslått noko form for avbøtande tiltak for villrein.

Det kunne til dømes tenkast at tersklar over magasinet kunne gjere det mogleg for villreinen å krysse sjølv med därleg is. Dette må i tilfelle vurderast etter ei nærmare utgreiing.

- Austre vassdrag:

Villreinnemnda er særleg bekymra for villreinen sin bruk og trekk over Holmavatnet, samt influensområde. Pumpekraftverk «*vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Holmavatnet sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer oppsprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Holmavatnet vinterstid*» (KU).

Usikker is vil kunne medføre at ein får eit nytt vandringshinder for villrein. Det vil også hindre villrein i å nå beiteområda på holmane i Holmavatn. Dei kvista skiløypene over vatnet må også truleg leggast på land. Konsekvensen kan bli at villrein og skiløparar må dele dei same ferdsskorridorene noko som vil forsterke dei negative sidene for villreinen.

Dei fysiske inngrepa i Tverrdalen/Havrevatnet vil vere del av ei bit for bit utbygging i villreinens randområde.

Dersom ein sluttar med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Det er bra. Dette er eit av krava som er spelt inn til vilkårsrevisjon og som dels kan løysast uavhengig av ei opprusting/utviding av kraftanlegga.

- Føremålet med dei verna områda er mellom anna å sikre leveområdet til villreinen. Det følgjar av verneforskrifta at oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, vasstandsreguleringar med meir ikkje er tillat. Det er derfor openbart at ei vidare vassdragsregulering strir med verneformålet.
- Ein konsesjon etter søknad er ikkje i tråd med retningslinjene gitt i Heiplanen ettersom planen har vesentleg negativ betydning for villreinen.
- Energimarknaden er i endring. Røldal-Suldal er først ute med store planar om pumpekraftverk der målet er auka effekt. Det er det siste året blitt kjend at fleire av kraftselskapa med tilknyting til villreinområde ser på moglegheitene for det same. Det er avgjerande for villreinen at dei O/U-prosjekta som får konsesjon ikkje nødvendigvis er den søknaden som er først ute, men dei prosjekta som er tilpassa forvaltningsmåla for villreinbestanden.

Vilkårsrevisjon:

- Det må påleggast konsesjonær innbetaling til eit villreinfond etter etablert praksis. Etablering av fondet må ikkje vere eit argument for å ikkje pålegge konsesjonær å utføre avbøtande tiltak der enn sjølv er ein klar problemeigar.
- Forutsett at det ikkje blir gitt konsesjon for O/U-prosjektet for austre vassdrag må det påleggast at det blir etablert ein eller fleire villreintersklar over Holmavassåna. Dette

vil gjøre det enklare for villrein å krysse den vinteropne elva.

- Det må påleggast konsesjonær og tilbakeføre anleggsvegen til Holmavatnet. Eit av dei sentrale måla i FNs naturavtale er å restaurere minst 30 prosent av øydelagde og skadde naturområde innan 2030. Dette inneber å forbetra tilstanden til naturen og sikre at økosistema kan fungere optimalt. Ei tilbakeføring av anleggsvegen til Holmavatnet vil vere eit positivt tiltak for villreinen.
- I samband med revisjon/konsesjon legg villreinnemnda til grunn at standardvilkår for naturforvaltning innførast for RSK-anlegga. Desse vilkåra er viktige for å bidra til å minimera negative konsekvensar gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar og biotoptiltak.